

## Tillegg til KOM-sak 097/20, 3.11.2020– endeleg behandling av detaljreguleringsplan for Midtstulen hytteområde

### Bakgrunn:

Frist for meknader ved offentleg ettersyn av detaljreguleringsplan for Midtstulen hytteområde var 28.08.2020. Kommunen mottok merknad frå Mattilsynet fyrst 14.10.2020. Merknaden vart referert i utval for miljø, landbruks- og utmark den 15.10.2020, sak 120/20. Utvalet gjorde slikt vedtak:

*Pkt. 2: Utvalet viser til merknaden frå Mattilsynet. Administrasjonen får fullmakt til å vurdere merknaden og leggje inn eventuelle endringar i plankart og føresegner, før endeleg behandling.*

Administrasjonen si vurdering av merknaden går fram nedanfor:

### Samandrag av merknad:

Mattilsynet viser til krav i drikkevassforskrifta om tilgang til tilstrekkeleg og hygienisk tilfredsstillande drikkevatt før fritidsbustader blir tatt i bruk. Det skal visast omsynssoner med føresegner for å beskytte vasskjeldene. Det visast også til drikkevassforskrifta §§ 4, 12 og 26, samt plan- og bygningslova §27-1. Mattilsynet meiner at føresegnene skal ha rekkjefølgjekrav om at hygienisk tilfredsstillande og tilstrekkeleg drikkevasskilde skal vere etablert, før det blir gitt løyve til å opparbeide feltet, og før det blir gitt løyve til frådelling/byggjeløyve.

### Vurdering:

*Vassforsyning innanfor planområdet er foreslått som enkeltvassforsyning, det vil seie separate vassforsyningar (som borebrønn) som forsyner kvar ein enkelt fritidsbustad. Jf. drikkevassforskrifta §5, er det eigar av enkeltvassforsyninga som er ansvarleg for at krav i forskrifta er overhalde (hygienisk trygt og tilstrekkeleg). I rettleiing til §26 i drikkevassforskrifta, skal kommunen vurdere behovet for restriksjonar, herunder å etablere omsynssoner rundt råvasskjeldene. I denne saka er det forslag om å etablere borebrønn på kvar enkelt tomt. Reguleringsplanen legg heller ikkje opp til etablering av separate utslepp av avlaupsvatn, eller andre tiltak med potensiale for forureining. Ein vurderer derfor at det ikkje vil vere behov for å etablere omsynssone med føresegner, slik som Mattilsynet skildrar.*

*Generelt, vil ein likevel tilrå at føresegnene får slikt nytt avsnitt, og at dette blir lagt inn i innstillinga, pkt. 1: **Fellesføresegner: Innenfor planområdet skal det ikke etableres tiltak eller aktiviteter som utgjør fare for forurensning for etablerte drikkevannskilder.***

*Plan- og bygningslova §27-1 gjeld uavhenging av rekkjefølgjeføresegner i reguleringsplan.*

*Vassforsyning og dokumentasjon på denne skal avklarast gjennom søknad om byggjeløyve. Når det i denne saka skal vere separat vassforsyning for kvar enkelt hytte, og valfritt med innlagt vatn, vil det vere vanskeleg å setje rekkjefølgjekrav om at vassforsyning skal vere etablert, før feltet elles er opparbeida.*